

## Respons

### **Filippinane: Tryggingstilhøva for muslimar**

- Den generelle sikkerhetssituasjonen på Filippinene for muslimer, særlig med tanke på eventuelle konflikter mellom kristne/katolikker og muslimer.

#### **Bakgrunn**

Det store fleirtalet (kring 90-95 prosent) av den om lag 100 millionar store filippinske befolkninga, er kristne. Islam er den største minoritetsreligionen. Estimata over talet på muslimar i landet varierer ein del, men ligg på 5-11 prosent (Guardian 2014, U.S. Department of State 2013). Kring halvparten<sup>1</sup> av landets muslimar bur på Mindanao, den nest største øya i landet, men eit aukande tal migrerer no til byar som Manila og Cebu. Dei fleste filippinske muslimar er sunniar, men det finst også nokre shiamuslimar (U.S. Department of State 2013).

Både lovverket og styresmaktene i Filippinane respekterer i hovudsak religionsfridomen. Filippinane har også ein «Code of Muslim Personal Laws» som anerkjenner sharia (islamsk rett) som ein del av den nasjonale lovgivninga, men med gyldigheit berre for muslimar og ikkje i straffesaker. USA sitt utanriksdepartement (2013) rapporterer om nokre tilfelle av forskjellsbehandling basert på religiøs tilhøyring og ein del økonomisk ulikskap, men jevnt over vert trusfridomen respektert.

Likevel går enkelte konflikhtar som involverer muslimske grupperingar, føre seg. Desse gruppene kjempar for ulike gradar av sjølvstende i sør, og nokre av konfliktane held framleis fram trass i ein sjølvstyreavtale og ein fredsavtale som vart underskrivne i høvesvis 2012 og 2014.

#### **Konflikhtar på Mindanao**

Sør i Filippinane, hovudsakleg på øya Mindanao, har det lenge vore varierende grad av konflikt mellom styresmaktene og ulike opprørsgrupper. Desse gruppene, som Moro Islamic Liberation Front (MILF, tidlegare MNLF) og Abu Syyaf, er muslimske, og styresmaktene legg skulda for mange angrep, drap og kidnappingar på desse og andre militante og/eller islamistiske grupperingar (U.S. Department of State 2013). Abu Syyaf er også kjend for å ha drepe kristne misjonærar og teke kristne gislar. Konflikten er likevel ikkje i første rekkje

---

<sup>1</sup> Kanskje så mange som 5 millionar (Adriano & Parks 2013) – tala varierer også her. Heile Mindanao har om lag 22 millionar innbyggjarar (Philippine Statistics Authority u.å.)

religiøs. Stridens kjerne er snarare eit ynskje om auka sjølvstyre for moroane, som muslimane på Mindanao vert kalla med ei samlenemning<sup>2</sup>. Hovudmotsanderen har såleis vore staten meir enn andre religiøse grupper. Nokre muslimske opprørarar vil likevel sjå kristne som representantar for det dei oppfattar som ein undertrykkande kristen stat, sjølv om Filippinane ikkje har noko statsreligion.

Linene i uroa i Moro-områda kan trekkjast heilt attende til 1500-talet og den spanske invasjonen. Lenge besto konflikten så av ein etno-nasjonalistisk kamp mellom ein misnøgd minoritet og sentralregjeringa i Manila, men dei siste 40-45 åra har han utvikla seg til å verte meir fragmentert og med fleire ulike årsakar. Klankonfliktar er ein hovudårsak til ustabilitet mange stader på Mindanao. Dynamikken i dei ulike konfliktane varierer sterkt frå lokalsamfunn til lokalsamfunn avhengig av eigenarten til lokale politiske elitar eller krigsherrar, samt nærvær eller fråvær av opprørsgrupperingar (Adriano & Parks 2013, IRIN 2014).

Etter fleire år med forhandlingar, signerte MILF og den filippinske regjeringa ein fredsavtale i mars 2014. Avtalen inneber mellom anna at den noverande Autonome regionen i muslimsk Mindanao (ARMM) vert erstatta med ein ny muslimsk sjølvstyreining kalla «Bangsamoro» (*bangsa* tyder «nasjon»)<sup>3</sup>. Regjeringa tar sikte på å etablere denne nye regionen innan 2016 (IRIN 2014, de Leon & Walker 2012), og konfliktane på øya er med dette reduserte. Dei er likevel ikkje heilt forsvunne – mellom anna er Abu Sayyaf og andre grupperingar som vert rekna som jihadistiske og/eller meir millitante enn MILF, ikkje part i fredsavtalen (BBC 2014, IRIN 2014). Desse kan utgjere ein trussel mot stabiliteten, ettersom eksklusjon av visse grupper frå dialogprosessar og/eller fredsavtalar svært ofte er ein viktig årsak når ein fredsprosess fell attende i konflikt.

Mindanao har vorte kalla ein arnestad for opprørarar, kommunistar og militante islamistar, samt for meir eller mindre organisert kriminalitet (sjå til dømes Thomson Reuters Foundation 2014). Hæren er mannsterkt til stades, og både den og ulike opprørsgrupperingar har stundom vorte dregne inn i konfrontasjonar mellom klanar. Thomson Reuters Foundation reknar at dei mange konfliktane på Mindanao har fordrive fleire millionar menneske sidan 1970, og UNHCR anslår at det per februar 2013 var kring ein million internt fordrivne i Filippinane, av dei 300 000 på Mindanao (UNHCR 2013). Denne statistikken opplyser ikkje om dei fordrivne si religiøse tilhøyring, men Cagoco-Guiam (2013, s. 5) skriv at fordrivinga av fleire hundre tusen menneske på Mindanao dei seinare åra, særleg har råka muslimskdominerte provinsar som Maguindanao og Lanao del Sur.

USA sitt utanriksdepartement skriv at kristne busetjingsforsøk i tradisjonelt muslimske område, som dei på Mindanao, har skapt motvilje (*resentment*) hjå mange muslimar som ser busetjing kombinert med kristen misjonering som forsøk på å frata dei heimlandet, kulturen og religionen deira. Likevel er venskapelege band mellom dei ulike religiøse gruppene vanleg på Mindanao. Det har også vore god deltaking i mellomreligiøse tiltak for å minske fattigdom, og i dialog mellom kristne og muslimar i fleire lokalsamfunn. Fleire religionar er ofte representert i leiinga i menneskerettsgrupper, fagforeiningar og arbeidsgjevarorganisasjonar (U.S. Department of State 2013).

---

<sup>2</sup> Frå latin *maurus*, altså maurarar – uttrykket kom til Filippinane med dei spanske kolonisorane.

<sup>3</sup> ARMM vart oppretta i 1989 og ligg i den sørvestre delen av øya. Regionen har utvida sjølvstyre og eiga lokalregjering. Sjå til dømes nettsidene deira: [www.armm.gov.ph](http://www.armm.gov.ph). Den nye eininga, Bangsamoro, fordeler mellom anna makt, velferd og skatter på nytt og skal bidra til «normalisering» av tryggingstilhøvet i regionen (Adriano & Parks 2013).

## Hulidap og dødsskvadronar

Medier som Institute for War & Peace Reporting (IWPR 2008) og PhilStar (Galupo 2013) har skrive om såkalla «hulidap». Ordet kjem frå «huli» (arrest) og «holdup», og syner til at politimenn føreteke ulovlege arrestar av sivile som så vert utpressa eller avkrevd kravd for løysepenngar. IWPR hevdar at dette ofte har ramma muslimar i Manila, mens andre rapportar, som til dømes PhilStar (Galupo 2013), tyder på at offeret si religiøse tilhøyring ikkje er relevant, men at formålet berre er pengeutpressing.

Eit anna alvorleg høve som særleg Human Rights Watch har rapportert om, er «dødsskvadronane» i byane Tagum og Davao sør på Mindanao (HRW 2014, Conde 2014). I og med at desse opererer i eit utanomrettsleg farvatn, kan dei råke kven som helst som fell under borgar- eller politimeisteren sine definisjonar av «ugras» eller andre uønska element. Men det er ikkje noko som tyder på at muslimar er spesielt utsett.

## Andre tilhøve

Landinfo kjenner ikkje til andre tilhøve av relevans for tryggingstilhøvet for muslimar spesielt i Filippinane, heller ikkje for muslimske innflyttarar til landet. Filippinane er ikkje eit land med høg innvandring – snarare er det betydeleg arbeidsutvandring frå landet – og det er så vidt Landinfo veit ikkje noko etablert fiendskap mellom den filippinske majoritetsbefolkninga og bestemte innvandrargrupper.

Når det gjeld haldningar til muslimar generelt, fann ei undersøking sitert i The Philippine Daily Inquirer at 40 prosent av vaksne filippinarar anten hadde svært eller ganske positive personlege haldningar til muslimar, mens 32 prosent av respondentane kalla haldningane sine svært eller ganske negative. 22 prosent skildra haldningane sine som korkje positive eller negative. Den positive andelen var størst på Mindanao, og det var ei lita overvekt av positive svar også i hovudstadsregionen. Berre i Visayas, øygruppa sentralt i landet, var marginane på den negative sida (9 prosentpoeng fleire negative enn positive) (Mangahas 2012).

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både åpne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller ikkje uttrykk for norske styresmaktens syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

## Referansar

### Skriftlege kjelder

- Adriano, F. & Parks, T. (2013). *The Contested Corners of Asia. The Case of Mindanao, Philippines*. San Fransisco: Asia Foundation. Tilgjengeleg frå <http://asiafoundation.org/publications/pdf/1223> [lasta ned 24. juni 2014]

## Respons Filippinane: Tryggingstilhøva for muslimar

- BBC (2014, 29. april). Philippines profile. *BBC*. Tilgjengeleg frå <http://www.bbc.com/news/world-asia-15581450> [lasta ned 24. juni 2014]
- Cagoco-Guiam, R. (2013, juli). *Gender and Livelihoods among Internally Displaced Persons in Mindanao, Philippines*. London: The Brookings – London School of Economics. Tilgjengeleg frå <http://www.brookings.edu/~media/research/files/reports/2013/07/gender%20livelihoods%20idps%20philippines/gender%20and%20livelihoods%20among%20idps%20in%20mindanao%20philippines%20uly%202013.pdf> [lasta ned 24. juni 2014]
- Conde, C. (2014, 6. februar). *Dispatches: The Philippines Death Squad Denial Complex*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/news/2014/02/06/dispatches-philippines-death-squad-denial-complex> [lasta ned 24. juni 2014]
- de Leon, S.L. & Walker, P. (2012, 7. oktober). Philippines and Muslim rebels agree landmark peace deal. *The Guardian*. <http://www.theguardian.com/world/2012/oct/07/philippines-muslim-rebels-peace-deal> [lasta ned 24. juni 2014]
- Galupo, R. (2013, 7. februar). Victim tracks down 'hulidap' cop through Facebook. *PhilStar*. Tilgjengeleg frå <http://www.philstar.com/metro/2013/02/07/905737/victim-tracks-down-hulidap-cop-through-facebook> [lasta ned 24. juni 2014]
- Guardian (2014, 27. mars). Philippines signs long-awaited peace deal with Muslim rebels. *The Guardian*. <http://www.theguardian.com/world/2014/mar/27/philippines-muslim-rebel-peace-deal-aquino-milf> [lasta ned 24. juni 2014]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2014, 21. mai). «One shot to the head». *Death Squad Killings in Tagum City, Philippines*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå [http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/philippines0514\\_ForUpload\\_0\\_0\\_1.pdf](http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/philippines0514_ForUpload_0_0_1.pdf) [lasta ned 24. juni 2014]
- IRIN (2014, 19. mars). Prospects for peace in Mindanao. *IRIN*. Tilgjengeleg frå <http://www.irinnews.org/report/99806/prospects-for-peace-in-mindanao> [lasta ned 24. juni 2014]
- IWPR, dvs. Institute of War & Peace Reporting (2008, 29. august). *Manila Muslims Face Kidnap Threat*. London: IWPR. Tilgjengeleg frå <http://iwpr.net/report-news/manila-muslims-face-kidnap-threat> [lasta ned 24. juni 2014]
- Mangahas, M. (2012, 19. oktober). Decent attitudes toward Muslims. *Philippine Daily Inquirer*. Tilgjengeleg frå <http://opinion.inquirer.net/39066/decent-attitudes-toward-muslims> [lasta ned 24. juni 2014]
- Philippine Statistics Authority (u.å.). *POPULATION. Population, by Region*. Makati City: Philippine Statistics Authority. Tilgjengeleg frå [http://www.nscb.gov.ph/secstat/d\\_popn.asp](http://www.nscb.gov.ph/secstat/d_popn.asp) [lasta ned 24. juni 2014]
- Thomson Reuters Foundation (2014, 3. juni). *Philippines-Mindanao conflict*. London: Thomson Reuters Foundation. Tilgjengeleg frå <http://www.trust.org/spotlight/Philippines-Mindanao-conflict/?tab=briefing> [lasta ned 24. juni 2014]
- UNHCR (2013, 8. februar). *Philippines passes historic bill to protect internally displaced*. Geneva: UNHCR. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/5114dd5c9.html> [lasta ned 24. juni 2014]
- U.S. Department of State (2013, 20. mai). *2012 Report on International Religious Freedom – Philippines*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <http://www.refworld.org/docid/519dd49b18.html> [lasta ned 24. juni 2014]

© Landinfo 2013

**Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.**